

Prop. 11 S

(2013–2014)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringer i statsbudsjettet 2013 under Fiskeri- og kystdepartementet

*Tilråding frå Fiskeri- og kystdepartementet 22. november 2013,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Endringer i statsbudsjettet 2013 under Fiskeri- og kystdepartementet

Kap. 1030 Fiskeridirektoratet

Post 01 Driftsutgifter

Det vart overført 4,1 mill. kroner for lite til Fiskeridirektoratet frå 2012 til 2013. Fiskeri- og kystdepartementet foreslår å auke løyvinga på kap. 1030, post 01 med 4,1 mill. kroner i 2013.

Kap. 4030 Fiskeridirektoratet

Post 13 Inntekter vederlag oppdrettskonsesjonar

Løyvinga over kap. 4030, post 13 er på 450 mill. kroner i 2013. Innbetaling av vederlag vil ikkje skje før saksbehandlinga er sluttført. Saksbehandlinga vil ta lengre tid enn berekna, og alle vederlaga vil bli innbetalt i 2014. Fiskeri- og kystdepartementet foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 4030, post 13 med 450 mill. kroner.

Kap. 1050 Diverse fiskeriformål

Post 60 Tilskot til fylkeskommunar

Løyvinga på kap 1050, post 60 er på 180 mill. kroner i 2013. Det vises til omtale under kap. 4030,

post 13 der det framgår at vederlag for oppdrettskonsesjonar ikkje vil bli innbetalt før i 2014. Tilskot vil derfor ikkje bli utbetalt før i 2014.

I Prop. 1 S Tillegg nr. 1 er det lagt til grunn at 40 pst. av vederlaget for oppdrettskonsesjonane som er lyst ut 1. juli 2013 skal tilfalle vertskommunane for dei nye konsesjonane, ikkje fylkeskommunane. Alle vederlaga vil bli innbetalt i 2014.

Fiskeri- og kystdepartementet foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 1050, post 60 med 180 mill. kroner.

Kap. 1062 Kystverket

Post 01 Driftsutgifter

I 2011 vart det avdekka eit omfattande underslag i Kystverket. Det er anslått eit tap knytt til Kystverket si løyving til navigasjonsinnretningar på om lag 19 mill. kroner.

I revidert budsjett 2013 vart løyvinga på kap. 1062, post 01 auka med 2,5 mill. kroner, samtidig som løyvinga på kap. 4062, post 02 vart auka tilsvarende, for at tilbakebetalte midlar kunne brukast til å dekkje utgifter til innføring av krav mv. og for å redusere tapet som skuldast underslaget.

Ein eigendom i Thailand er no seld for 2,9 mill. kroner. Fiskeri- og kystdepartementet foreslår at desse inntektene på same måte brukast til å dekkje utgifter til innføring av krav og for å redusere

Kap. 1020–1022, 1050, 1070, 2540, 5575

tapet som skuldast underslaget. Fiskeri- og kystdepartementet foreslår derfor at løyvinga på kap. 1062, post 01 aukast med 2,9 mill. kroner, samtidig som inntektsløyvinga på kap. 4062, post 02, aukast tilsvarande.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Posten dekkjer utgifter til aksjonar for å bekjempe akutt forureining og redusere faren for forureining ved å fjerne drivande gjenstandar i leia som er til fare for skipsfarten. I tillegg dekkjer posten utgifter til utgreiingar og undersøkingar knytt til handteringa av u-båten U-864 utanfor Fedje. For å kunne overføre mindreforbruk på posten, foreslår Fiskeri- og kystdepartementet at kap. 1062, post 21 tilføyast stikkordet «kan overførast» i 2013.

Kap. 4062 Kystverket

Post 02 Andre inntekter

Løyvinga på kap. 4062, post 02 foreslås auka med 2,9 mill. kroner, jf. omtale under kap 1062, post 01.

Kap. 2540 Stønad under arbeidsløyse til fiskarar og fangstmenn

Post 70 Tilskot, overslagsløyving

Løyvinga over kap. 2540, post 70 er på 65 mill. kroner i 2013. Oppdaterte anslag frå Garantikassen for fiskarar viser behov for ei løyving på 100 mill. kroner i 2013. Ordninga er finansiert gjennom produktavgifta.

Fiskeri- og kystdepartementet foreslår å auke løyvinga over kap. 2540, post 70 med 35 mill. kroner til 100 mill. kroner i 2013.

Fiskeri- og kystdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2013 under Fiskeri- og kystdepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2013 under Fiskeri- og kystdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2013 under Fiskeri- og kystdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2013 blir det gjort følgjande endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1030		Fiskeridirektoratet	
	1	Driftsutgifter, blir auka frå 373 269 000 til 377 369 000	4 100 000
1050	60	Diverse fiskeriformål	
		Tilskot til fylkeskommunar, blir redusert frå 180 000 000 til 0	180 000 000
1062		Kystverket	
	1	Driftsutgifter, blir auka Frå 1 644 075 000 til 1 646 975 000	2 900 000
2540		Stønad under arbeidsløyse til fiskarar og fangstmenn	
	70	Tilskot, <i>overslagsløyving</i> , blir auka frå 65 000 000 til 100 000 000	35 000 000

Inntekter:

Kap	Post	Formål	Kroner
4030		Fiskeridirektoratet	
	13	Inntekter vederlag oppdrettskonsesjonar, blir redusert frå 450 000 000 til 0	450 000 000
4062		Kystverket	
	2	Andre inntekter, blir auka frå 12 884 000 til 15 784 000	2 900 000

II**Tilføyning av stikkord**

Stortinget samtykkjer i at stikkordet «kan overførast» tilføyast under kap. 1062 Kystverket, post 21 Spesielle driftsutgifter i statsbudsjettet for 2013.
